



Samferdselsdepartementet
PB 8010 Dep
0030 OSLO

Dato: 08.06.2016
Vår ref.: 2014/10571-62
Saksbehandlar: gunradd
Dykkar ref.:

Rapport om status for etablering av tellepunkt for trafikkindeks

Det blir vist til tildelingsbrevet for belønningsordninga datert den 04.04.2016. I brevet er Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune bedt om å kome med ein meir utførleg rapport om status for etablering av trafikkindeksen. Det vert her gjort greie for tellepunkt og samstundes vil vi nytte høve til gi ein statusrapport for passeringar i bomringen etter innføringa av tidsdifferensierte satsar.

Tellepunkt for trafikkindeks

Vi er glad for å melde at alle tellepunkta som har vore mogleg å etablere no er sett i drift. Av totalt 73 tellepunkt i Bergensområdet er følgjande to ikkje etablert:

1. Tellepunkt på Rv 580 ved Bergen Lufthavn – Flesland er midlertidig ute av drift. Dette skuldast bygging av Bybanen, byggetrinn 3. Denne strekninga reknar vi med vil opne vinteren 2017 og tellepunktet vil vere i drift etter det.
2. Nytt tellepunkt ved ny tunell Rådalen – Svevatjørn på E 39. Dette punktet er planlagt oppretta i 2019.

To tellepunktet ved Vågsbotn vart re-etablert i 2015 etter vegarbeid på strekninga. Desse er lokalisert på E 39 og Fv 267.

Vidare vart følgjande nye tellepunkt sett i drift i november 2015 i samband med opninga av ringveg Vest:

1. Tellepunkt ved Lyderhorntunellen, Rv 555.
2. Tellepunkt ved Knappetunellen, Fv 557.

Vi legg ved ein fullstendig oversikt over dei ulike trafikkindeks- tellepunkt som er etablert i Bergen kommune og viktige tilførselsveger i omliggande kommunar, sjå vedlegg.

Kvaliteten på data har vore god ved dei tellepunkta som har vore i drift sidan 2012. Halvparten har en dekningsgrad på 100 %, mens den resterande halvparten ligg tett opp til 100 %. Vegdirektoratet arbeider med å utarbeide indeks for dei tellepunkta som vart etablert etter 2012, og kan kontaktast for ytterlegare informasjon om kor langt denne prosessen er komen.

Effektar etter innføringa av tidsdifferensierte takstar i bompengeringen

Tidsdifferensierte bompengar vart innført 1. februar 2016. Før ordninga vart innført vart det estimert ein nedgang i bomringepasseringar på 0-3 prosent i samla trafikavvisning gjennom døgnet. Tal frå dei 3 første månadene viser ein høgare samla nedgang, på høvesvis 6, 5 og 7 prosent i februar, mars og april på kvardagar i normalveker. Totalt har det vore 419 128 færre passeringar gjennom bompengeringen desse månadene. Det er samstundes interessant å merke seg at el-bil passeringane har auka med 515 769 køyretøy.

Tidsdifferensierte takstar har utan tvil ført til endring i rushtrafikken i Bergen. Tabellane under viser utviklinga for dei 3 første månadene har hald seg på same nivå. Tendensen er at omlag 15-16 prosent av trafikken er borte i morgonrusjet, mens tilsvarende tal for ettermiddagsrushet er kring 10 prosent.

Tidspunkt	Trafikkmengde YDT feb. 2015	Trafikkmengde YDT feb. 2016	Endring
06:30 – 09:00	35 185	29 066	-17 %
06:00 – 09:30	42 402	38 289	-10 %
14:30 – 16:30	25 733	20 555	-20 %
14:00 – 17:00	36 463	32 174	-12 %
00:00 – 23:59	161 024	151 956	-6 %

Tidspunkt	Trafikkmengde YDT apr. 2015	Trafikkmengde YDT apr. 2016	Endring
06:30 – 09:00	36 938	31 003	-16 %
06:00 – 09:30	44 597	40 138	-10 %
14:30 – 16:30	26 623	22 103	-17 %
14:00 – 17:00	37 926	34 045	-10 %
00:00 – 23:59	172 843	160 015	-7 %

Tidspunkt	Trafikkmengde YDT mar. 2015	Trafikkmengde YDT mar. 2016	Endring
06:30 – 09:00	34 975	30 231	-14 %
06:00 – 09:30	42 194	39 479	-6 %
14:30 – 16:30	25 755	21 130	-18 %
14:00 – 17:00	36 599	32 802	-10 %
00:00 – 23:59	162 872	155 123	-5 %

For kollektivtransporten har dette vore ein positiv utvikling, og Skysst melder om betre framkome for bussane. Det er registrert færre forseinkingar , og reisetida er blitt meir forutsigbar og effektiv. Dette er viktige faktorarar for å få folk til velje å reise kollektivt.

Partane i Bergensprogrammet vurderer tendensane for trafikktviklinga i Bergen som svært positive, og ser fram til det vidare arbeidet med å redusere bilbruk til fordel for miljøvennlege reisealternativ.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Gunhild Raddum
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.